



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Molde kommune

Dato: 09.08.2021

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Hengekøypark på Digermulen og ved Sandan i Midsund

FNF Møre og Romsdal bryr seg mellom anna om at vi menneske ikkje gjer unødige inngrep i naturen som går ut over dyr, planter og landskap. Vi er også merksame på å verne om ålmenta sine rettar til å bevege seg og opphalde seg gratis i vår unike natur i tråd med friluftsløva. FNF har i brev av 09.06.2020 gjort Molde kommune merksame på at det er etablert hengekøyparkar på Digermulen og ved Sandan i Midsund som er avgiftsbelagt. I dette brevet bad vi om tilbakemelding på korleis desse hengekøyparkane er handsama i Molde kommune i høve til friluftsløva, naturmangfoldlova, plan- og bygningslov og anna passande lovverk.

Slik vi er blitt forklart ved brev frå kommunen (seinast av 07.12.2020) forstår vi at drifta i 2020 var midlertidig (under 2 mnd) og at vidare drift i 2021 blant anna betinga behandling av søknad om dispensasjon frå kommunens arealdel. Ut frå nettsida til «hengekøyparkeigar» ser det ut som det framleis er drift og utleige mot betaling på begge stadene (sjå <https://booking.utendørs.no/no>).

På dette grunnlag vil vi gjerne bli orientert om kva som skjer i denne saka. Vi vil gjerne høyre korleis kommunen har handtert denne saka etter § 14 i friluftsløva, naturmangfoldlova, plan- og bygningslov og anna passande lovverk.

Helsing

Ingbjørn Bredeli
Fylkeskoordinator
FNF Møre og Romsdal

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal